

Vedlegg 12

Aktuelle reserve- og kriservasskjelder

Jamfør status-matrisa er det fire områder som er aktuelle for reserve- og krisevassforsyning: Sogndal sentrum, Kjørnes, Kaupanger og Leikanger. Vidare er Hodlekve aktuelt å nemne dersom det i planperioden blir aktuelt å omgjere det til bustadområde.

	Sikrar kva områder	Krev tiltak	Kommentar	Kostnads-overslag	Vurdering
Sogndalselvi	Sogndal sentrum	Nytt VB	Kan med ny PV forsyne Kjørnes, med to nye PV kan ein forsyne Kaupanger.	10MNOK	Enkelt, relativt rimleg.
Grunnvass-brønner Årøy	Sogndal sentrum	Nytt VB, ny overførings-leidning	Kan med ny PV forsyne Kjørnes, med to nye PV kan ein forsyne Kaupanger.	30MNOK	Relativt kostbart, liten nytte, men gjev høve for å forsyne større deler av abonnentane
Røysete-vatnet	Sogndal sentrum, Kjørnes, Kaupanger	Nytt VB, ny overførings-leidning	Kan med ny PV forsyne Kjørnes, med to nye PV kan ein forsyne Kaupanger. Truleg låg kapasitet	40MNOK	Låg kapasitet, stor investering, ingen meirverdi

Sjøleidning Sogndal-Leikanger	Sogndal sentrum, Kjørnes, Kaupanger, Leikanger, Nornes mm	Sjøleidning med landfester mellom Kløvi og Nornes, Nornes til Kjørnes.	Kan med ny PV forsyne Kaupanger	100MNOK	Enorm investering, sikring av tre vassverk/fem bygder, ingen nedetid på anlegga, knyt saman område. Lang leidning i usikkert område.
Hafslovatnet	Sogndal sentrum, Kjørnes	Overføringsleidning, VB	Kan med ny PV forsyne Kaupanger	25MNOK	Eksisterande kjelde, billig backup-leidning.
Laugi, Gunvordalen	Sogndal sentrum, Kjørnes, Kaupanger	Nytt inntak, VB, overføringsleidning, fulltrykksleidning til Kjørnes	Kan med PV forsyne Kaupanger	100MNOK	Uforholdsmessig stort anleggsarbeid, usikkert alternativ og liten meirverdi.
Brønnar Sogndalselvi	Sogndal sentrum	VB	Kan med PV forsyne Kjørnes og Kaupanger	10MNOK	Uavklara alternativ, mogleg det ikkje går an i det heile.
Henjaelvi	Leikanger	-	Etablert, ikkje uavhengig av hovudkjelda	-	Mindre aktuelt alternativ

Brønner Lundene	Leikanger	-	Etablert, ikkje uavhengig av hovudkjelda	-	Ikkje eit fullgodt alternativ
Grindselvi	Leikanger	Inntak, VB, overføringsleidning, PV	Uavhengig av hovudkjelde	30MNOK	Einaste kjeldealternativet på Leikanger, sett vekk frå Sogndal-Leikanger
Store Trastadalsdammen	Hodlekve	Inntak, VB, Overføringsleidning	I konflikt med Sognekraft sitt uttak til kraft	40MNOK	Urealistisk stor utbygging for eit hyttefelt.